

Bustadpolitikk:

Voss Ap ynskjer å styrka det kommunale arbeidet med bustadpolitikk. Med særleg fokus på fyrstegongsetablerarar.

Ein må ta alle verkemidla i bruk for å få ned kostnadane for denne gruppa, med t.d. ordninga «leiga til eiga».

I samband med denne prosessen må heradet finna meir tenlege måtar med å organisera arbeidet. I den samanhengen bør ein vurdere Voss Eigedom og Hagahaugen as.

Voss Ap ynskjer at husbanken skal få tilbake dei oppgåvene Statsforvaltaren har fått for å unngå at husbanken vert bygd ned som eit bustadpolitisk instrument.

Høgskuleutdanning, og rekruttering i Voss herad

Voss Ap er glad for at det er kome i gang. Me ynskjer velkomen eit utvida tilbod i samarbeid med regionen Voss/Hardanger.

Voss Ap vil at Voss herad bidreg med nødvendig økonomisk støtte for å få det utvida tilbodet på plass.

Voss Ap meiner at det må vera eit godt samarbeid mellom det offentlege, det private næringslivet og utdanningsinstitusjonar. Det trengs for å sikra arbeidskraft med naudsynt kompetanse.

Politibemanning i distrikta

Voss Ap meiner at ein må nå målet med 2 polititenestemenn pr 1000 innbyggjarar.

Viktig at politidistrikta tenkjer på at ein kan lokalisera politi uavhengig av fagfolk gjennom å utnytta dei digitale ordningane som me veit fungerer bra.

K5 – Veg og Bane.

Voss arbeidarparti ynskjer at det vert sikra midlar for oppstart av prosjektet i 2023. Det må setjast i gang planlegging av førebuande arbeid.

For å sikra samhengen i prosjektet, bør det startast planarbeid for fullføring av strekkja Stanghelle – Voss.

Innspel til energikommisjonen

Voss arbeidarparti samla til årsmøte ber om at energikommisjonen legg til grunn for arbeidet sitt at rein elektrisk energi er produsert av naturressursar som er fellesskapen si eiga.

Elektrisk kraft er ein knapp ressurs som folk flest må få tilgang til i akseptable mengder til ein låg og føreseieleg pris året gjennom. Luksusforbruk må betalast med ein høgare pris.

Straumprisen og nettleiga bør vera sams over heile landet. For å setja fart i energiøkonomiseringa bør el-avgifta til slike føremål gå gjennom Husbanken til sterkt subsidierte lågterskel energiøkonomiseringstiltak for folk flest.

Staten må også sikra industrien og landbruket føreseielege og gunstige straumprisar. Produksjon av Kryptovaluta, datalagring og anna produksjon utan sysselsetjingspotenisale bør ikkje bli omfatta av ei slik ordning